Samarbeidsavtale mellom Leikanger Ungdomslag og Handarbeidslaget Sans og Samling

1. Formål

Formålet med avtalen er å leggje til rette for samarbeid om aktivitetar, kulturformidling og møteplassar, og å styrkje fellesskapen mellom laga.

2. Sjølvstende

- Begge partar er eigne rettssubjekt.
- Kvart lag har eige styre, økonomi og vedtekter.
- Avtalen inneber ikkje økonomisk eller juridisk ansvar mellom partane.

3. Samarbeid i praksis

Partane ønskjer å samarbeide om:

- felles arrangement og prosjekt
- gjensidig profilering
- bruk av lokale og utstyr etter nærare avtale
- dialog og koordinering av aktivitetar

4. Medlemskap – frivillig dobbelt medlemskap

Partane er samde om å leggje til rette for frivillig dobbelt medlemskap, med følgjande prinsipp:

- Medlemskap i eitt lag gir ikkje automatisk medlemskap i det andre.
- Dobbelt medlemskap krev aktivt samtykke frå medlemmet.
- Kvart lag fører eige medlemsregister.
- Rettar, plikter og stemmerett følgjer medlemskap i det enkelte laget.
- Eventuell samordning av innmelding og kontingent vert regulert i eigen praktisk ordning.

5. Økonomi

Kvart lag har eigen økonomi og eige rekneskap.

- Felles kostnader eller inntekter vert avtalt særskilt.

- Midlar kan ikkje disponerast på tvers utan skriftleg avtale.

6. Styresamansetjing og representasjon

For å sikre god samhandling og informasjonsflyt er partane samde om følgjande:

- To styremedlemmer kan sitje i både styret i handarbeidslaget og styret i ungdomslaget.
- Desse vert valde av kvart lag sitt årsmøte, i samsvar med vedtektene.

Ordninga er meint å styrkje samarbeid og koordinering mellom laga, utan å gripe inn i sjølvstendet eller ansvarsforholda til dei einskilde partane. Laga ønskjer også gjennom dette samarbeide å sjå på om ein på sikt skal gå frå å vere to til ein organisasjon.

7. Varigheit og oppseiing

Avtalen gjeld frå 01.03.2026.

Avtalen kan seiast opp av kvar av partane med tre månaders skriftleg varsel.

8. Endringar

Endringar i avtalen krev skriftleg semje mellom partane.

Stad og dato: Leikanger

For Leikanger Ungdomslag: _____

For Handarbeidslaget Sans og Samling: _____